



Arkiv nr:

Sak nr 1/2018

Møtedato: 15.2.18

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Småviltjakt – prinsipp for forvaltning/justering av prisar for 2018

Vestre Slidre statsallmenning ligg lett tilgjengeleg for folk frå Austlandet. Mange menneske er sterkt knytt til området og vil gjerne jakte her. I kommunen er det ei satsing på turisme og sterk tilrettelegging for hyttebygging i nærområdet til statsallmenninga.

Vestre Slidre fjellstyre er klar på at viltressursane må forvaltast slik at det og i framtida kan drivast jakt. Ein konsekvens av dette er at talet på jegerar må regulerast, i tillegg til andre reguleringar som avkorting i jakttid, kvote m.m.

Eigen trekning for hyttefolk i Vestre Slidre:

Følgjande står i rapport frå «småviltutvalgets anbefalinger» utreda frå Fjellstyresambandet:

Forhold til jegere med hytter i eller nær allmenningen

I kommuner med mange hytter nær eller i allmenningen, kan det være aktuelt å avsette en andel av jaktkortene til hytteeiere som ønsker å jakte i allmenningen. Dette fordi det vil være lite hensiktsmessig at jegere med hytte i ett område får tilbud om jakt i ett annet område. Småviltutvalget vil understreke at en slik praksis ikke må medføre en fortrinnsrett for jegere med hytte i allmenningen.

Småviltutvalget vil anbefale at fjellstyrene prioriterer hytteeierne gjennom innføring av ordninger som fremmer stabilitet i jegermassen.

No som ein nyttar Inatur, der det er trekning blant alle som søker (dvs alle fra hele Norge kan søke), har ein i praksis gått bort i frå tidlegare tildeling som i praksis favoriserte jegerar med lang fartstid i kommunen. Ein har då fått ein større ustabilitet i jegermassen noko som er negativt.

Ein måte å kompensere dette på kan vere å innføre ein eigen trekning for dei som har hytte i Vestre Slidre kommune, jfr det som gjes som ein mulegheit frå småviltutvalget sine anbefalingar.

Fordelen her er at ein får tilbake ein større stabilitet i jegermassen, samt at ein bygger opp under utanbysbuande som i praksis «hører til» hyttekommunen Vestre Slidre.

Ein forslår difor å setje av 40 % av alle utanbys kort til dei som har hytte i Vestre Slidre kommune, og dermed sogner til allmenninga. Då er fortsatt brorparten av tilgjengelege kort lagt i ein open trekning, og uansett er jo 40 % av dei korta som reserveres eigne hyttefolk fortsatt til utanbysbuande. Ein legg då opp til 2 trekningar, der ein trekk fyrst gruppa med 40 % kort til eigne hyttefolk. Dei som då ikkje får kort her vert då automatisk overført til den andre gruppa før ein trekker den pånytt, og får ein ny sjanse der.

Ein definerer då hytte-eigar i kommunen med følgjande:

Heimelshavar til hytta, og ein generasjon opp eller ned. Vidare inkluderer ein og ektefelle/registrert sambuar.

Dette illustreres ved følgjande eksempel:

1. «Far» eier hytta, og dette gjev moglegheit til å inkludere farfar og son (uavhengig av kjønn)
2. «Farfar» eig hytta, normalt kan ein då berre gå ein generasjon ned pga alder, dvs Far er inkludert men ikkje barnebarn.
3. Ang ektefelle: Dersom ektefelle ikkje er «heimelshavar», gjeld det kun denne personen. Er ektefelle heimelshavar, gjeld det og ein generasjon opp eller ned for denne personen.

Vidare bør det ha ein negativ verknad om nokon forsøker å jukse, dette då det er noko krevjande å kontrollere opplysningane. Ein føreslår at ved juks, slettes vedkommande/evt jegergruppa om det søkes saman frå heile trekninga, også den opne trekninga.

Ideen er diskutert med den lokale jeger- og fiskeforening, og dei er i utgangspunktet positive til denne endringa.

Bruk av Inatur.no:

Siste år har ein nytta www.inatur.no med stort hell finn administrasjonen. Dette er enkelt å handtere, lett å få oversikt over rapporter samt enkel oppfølging av innbetalte beløp. Kort sagt, ein ynskjer å vidareføre denne ordninga.

Ein vidarefører og dagens praksis med søknadsfrist 1. april der ein førehandstildeler ein viss del jaktkort i slutten av mai. Etter taksering i august får jegerane endeleg svar på om det vert jakt basert på takseringsresultat når dette føreligg.

Når det gjeld harejakt vil ein då innføre same søknadsfrist på 01.04, med trekning 01.05.

Bruk av Inatur/kortsal på nett for innanbygds jegerar:

Fjellstyret sel kort for innanbygds jegerar via lokale kortutsal. Ein nyttar då eigne kortblokker som må trykkast opp. Ein ser fordelen med å kunne flyttekortsålet over på ein digital plattform. Ein kan då anten selje dette via Inatur som for alle andre kort, eller å tilby at dei lokale kortseljarane (Coop slidre, YX Røn og Joker på Vaset) kan selje kort som før, men då nytte ei digital løysing i staden for dei gamle kortblokkene.

Det enklaste i ein overgang til digitale løysingar er å nytte eksisterande kortseljarar, med den skilnad at dei sel korta i ein digital løysing. Dette er allereie etablert for fiskekortsal, og er dermed ingen ny løysing.

Inatur held på med ein omlegging av den eine digitale løysinga si (Scanatura). Ein føresett at det ved omlegging fortsatt er like funksjonelt som før, med uttak av rapportar m.v. Dersom det ved omlegging hos Inatur viser seg at Fjellstyret er betre tent med heller å nytte Inatur.no som løysing for kortsal, bed ein om fullmakt i lag med fjellstyreleiar til å velje åpent sal på Inatur.no som løysing.

Åpent sal på Inatur.no er og ei mogleg løysing, men administrasjonen ynskjer i fyrste rekke å nytte lokale kortseljarar for dette opne kortet for innanbygds. Dette for å hindre evt misbruk av andre enn dei som faktisk er innanbygds.

Å opne for digitalt kortsal er diskutert med Vestre Slidre jeger- og fiskeforening. Dei er i utgangspunktet positivt innstilt til dette, men er viktig at fjellstyret har god kontroll/oversikt så dette faktisk berre gjeld innanbygdsbuande.

Regulering av kortprisar:

Når det gjeld kortprisar på småviltjakt er dette regulert i ein eigen «forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning» Her er maksprisar følgjande:

Dagskort/døgnkort:	kr 250,-
5 dagers kort:	kr 1000,-
Ukekort (7 dagar):	kr 1400,-
Sesongkort:	kr 2300,-

Det er lagt inn ein liten justering av dagens prisar, der ein del er auka og nok er senka for å tilpasse dei til at prisane står i forhold til kvarandre. Det er få prisar som er opp mot maks-sats, og dette gjev noko potensiale for ei lita auka i åra fremover mot 2021, då det vert fastsett nye maks-prisar i ny forskrift.

Naturmangfaldsloven § 7

Jfr § 7, skal saka vurderast opp mot føresegn i §§ 8-12:

Småviltbestandane har store naturlege svingingar. I denne saka er forslag til føresegn for årets jakt vurdert med bakgrunn i taksering av lirypebestand. Kunnskapsgrunnlaget er så godt som det innan rimelege krav lar seg gjera å skaffe til veie. Jfr vitsskapeleg kunnskap er det i saka lagt opp til at uttaket ikkje skal vera større enn ca 15% av registrert lirypebestand, og dermed i liten grad vil påverke neste års hekkebestand. Ein anser føreslege uttak som berekraftig, og at saka er vurdert tilstrekkeleg i forhold til tilgjengeleg kunnskap (§8), føre var prinsippet (§9). §§12-12 er og vurdert. Ein kan ikkje sjå at forslag til vedtak er i konflikt med desse tilhøva.

Vedlegg 1 viser forslag til jaktreglar samt prisar for jaktkort:

Reglar for småviltjakta 2018 i Vestre Slidre statsallmenning, før taksering

Om det blir jakt på rype blir avgjort etter taksering i august. Antall jaktkort, sesonglengde og jaktkvote på orrfugl, li- og fjellrype blir også fastsett då.

	Fritt eller avgrensa salg	Jaktkort- type	Kode	Kortperioder	Oversikt over vilt som kan fellast						Pris					Refusjon jaktrapport	Merknad		
					Rowilt	And/ringdue	Rype	Orrfugl	Storfugl	Hare	1 dg	5dg	veke	10 dg	sesong				
Innan- og utanbygd s- buande	Fritt salg	rowilt m.m.	-	01.1-23.12	ja	nei	nei	nei	nei	nei				50	-	Eige felles kort for det meste av V.Slidre, kortet er til salgs på www.inatur.no			
		and og ringdue	-	21.08-14.09	ja	ja	nei	nei	nei	nei	150		600		1050	-	Sesong: 21.8-14.9		
Utanbygdsbuande	Begrensa salg, søknadsfrist 1.4 Tallet på kort blir bestemt etter taksering	småviltjakt u/hund	S1	15.9-19 20.9-24.09	ja	ja	ja	ja	nei	ja		1000			-	Småviltjakt 15.9 - 24.09			
			S2	15.9-19.9+5.10-14.12 20.9-24.9+5.10-14.12	ja	ja	ja	ja	nei	ja	-	-	-	-	2000	-	Rypejakt 15.9-24.09. Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12		
		fuglejakt med hund	F1	15.9-19.9 20.9-24.9	ja	ja	ja	ja	nei	nei	-	1000	-	-	-	-	-	Fuglejakt m/hund 15.9-24.9	
			F2	15.9-19.9 20.9-24.9	ja	nei	nei	ja	nei	nei	-	1000	-	-	-	-	-	Jaktkort på orrfugl, gjeld berre i eige felt for orrfugljakt.	
		treningskort for fuglehund	T1	15.9-19.9 20.9-24.9	nei	nei	nei	nei	nei	nei	-	600	-	-	-	-	-	Personlig kort - gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen	
			T2	15.9-19.9 5.10-1.4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	-	600	-	-	-	-	-	Personlig kort - gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen	
		harejakt m/hund	H1	5.10-11.10 5.10-14.11	ja	nei	nei	nei	nei	ja	-	-	1250	1750	2200	-	-	Jakt er berre tillete med harehund.	
			H2	5.10-11.10 5.10-14.12	ja	nei	nei	nei	nei	ja	-	-	1250	1750	2200	-	-	Jakt er berre tillete med harehund.	
		Fritt salg	Fritt salg	småviltjakt u/hund	-	15.10-14.12	ja	nei	nei	ja	nei	nei	225	-	1125	-	2000	-	Jakt på orrfugl, gjeld berre i eige felt for orrfugljakt
					-	15.10-14.12	ja	nei	ja	ja	nei	nei	250						Åpning av dette kortsalget er avhengig av takseringsresultat
orfugljakt m/hund	-			15.10-14.12	ja	nei	nei	ja	nei	nei	250	-	1250	-	2200	-	Jakt på orrfugl, gjeld berre i eige felt for orrfugljakt		
	-			5.10-1-4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	220	-	900	-	1500	-	Kortet gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov å ha med våpen. Ektefelle/sambuar kan byte på å trene hunden, men ikkje meir enn ein hund i slipp samtidig		
treningskort for fuglehund	-			5.10-1-4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	150	-	600	-	1050	-	Personlig kort - gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen		
	-			15.10-14.12	ja	nei	nei	nei	nei	ja	250	-	1250	-	2200	-	Jakt er berre tillete med harehund.		
Innanbygdsbuande	Fritt salg	småviltjakt u/hund	-	15.9-14.12	ja	ja	ja	ja	nei	ja	225	-	1125	-	2000	50 %	Rypejakt 15.9-24.09. Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12		
			-	15.9-14.12	ja	ja	ja	ja	nei	ja	250	-	1250	-	2200	50 %	Rypejakt 15.9-24.09. Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12. Trening med fuglehund: 15.9-24.9 + 5.10-1.4		
		treningskort for fuglehund - ektefelle	-	15.9-24.09 + 5.10-1.4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	220	-	900	-	1500	50 %	Kortet gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov å ha med våpen. Ektefelle/sambuar kan byte på å trene hunden, men ikkje meir enn ein hund i slipp samtidig		
			-	15.9-24.09 + 5.10-1.4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	150	-	600	-	1050	50 %	Personlig kort - gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen		

- Antall jaktkort, sesonglengde og jaktkvote på orrfugl, li- og fjellrype blir fastsett etter taksering.

- Dagskvote og sesonglengde kan endrast i løpet av sesongen og jegerane pliktar fortleggjande å gjera seg kjend med jaktreglane via www.vestre-slidre-fjellstyre.no

- Fangst med feller regulerast av eige jaktkort for smårovilt

- Smårovilt kan felles i den perioden som kjøpt jaktkort gjeld for (under vanlig småviltjakt).

- Gratis jakt for ungdom tom 20 år, jeger må søke om jakt på vanleg måte

- Bruk av laus hund er ikkje tillete 1.4-14.9

- Ved andejakt er det berre lov å bruke vassapporterande hund som først i band utanom ved apportering.

- Ved fuglehundtrening er det ikkje lov ha med våpen, personlig kort

- Bruk av harehund er ikkje tillete i tida 25.9-4.10

- Sesongkvote på 5 orrfugl pr jeger i perioden 15.09 - 24.09, og 10 orrfugl i perioden 5./15.10 - 14.12 ved retur av utfyllt jaktrapport innan fastsett frist.

- Jaktrapport skal leverast på www.inatur.no innen 3 dagar etter avslutta jakt

- Jaktkortet gjeld berre innanfor jaktidsrammene for dei ulike artane som DN har fastsett

- Jaktkortet er personleg, men ungdom mellom 14 og 16 år under opplæring kan overta opplæringsjeger siitt jaktkort. Opplæringsjeger kan då ikkje jakte eller gå med ladd våpen.

- For jaktkort med hund er det berre lov å bruke ein hund pr. jaktkort.

- Jeger med kort for jakt utan hund kan ikkje jakta saman med andre som brukar hund.

- I periode med fritt salg av jaktkort skjer dette via www.inatur.no og kortseljar, salg til innbygds skjer berre ved kortseljar. Oversikt over salgplassar på fjellstyret si nettside.

- Jaktstatistikk frå siste år ligg på fjellstyret si nettside, sjå årsmelding for det enkelte år

- Innanbygdsbuande er dei som det siste året har vore fast busette i Vestre Slidre kommune

- Innanbygds betalar 50 % av kortprisen som depositum for jaktrapport, depositum blir utbetalt

Framlegg til vedtak:

Med heimel i Fjellova § 23 vedtek fjellstyret følgjande prinsipp som skal gjelde for småviltjakta i 2018:

- 40 % av alle utanbys småviltjakt-kort til dei som har hytte i Vestre Slidre kommune i ein eigen trekning, der følgjande inngår i denne trekninga: Heimelshavar til hytta, og ein generasjon opp eller ned. Vidare inkluderast ektefelle/registrert sambuar.
- Resterande 60 % vert lagt i open trekning.
- Vedlegg 1 som visar reviderte prisar og jaktreglar vedtas.
- Det skal nyttas digital løysing for alle jaktkortsal.

Vedtaket:

Med heimel i Fjellova § 23 vedtek fjellstyret følgjande prinsipp som skal gjelde for småviltjakta i 2018:

- 40 % av alle utanbys småviltjakt-kort til dei som har hytte i Vestre Slidre kommune i ein eigen trekning, der følgjande inngår i denne trekninga: Heimelshavar til hytta, og ein generasjon opp eller ned. Vidare inkluderast ektefelle/registrert sambuar.
- Resterande 60 % vert lagt i open trekning.
- Vedlegg 1 som visar reviderte prisar og jaktreglar vedtas.
- Det skal nyttas digital løysing for alle jaktkortsal.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell

klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.2.17

Harald Ranum

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Vestre Slidre kommune